Frå Uskedalen til Barentshavet

15.02.2012

Røttingøy til Dales Rederi har dei siste vekene vore attende ved Eidsvik Skipsbyggeri etterat båten i fjor vart bygd om frå trålar til ringnotsnurpar. Han skifta og namn frå Paula og han skifta farge frå raud til grøn. Men kva er det som no skjer med båten?

Skipsreiar Astrid Dale fortel til uskedalen.no at Eidsvik er igang med å setta inn rister i RSW-tankane (RSW tyder Refrigated Sea Water) for å kunne kjøla ned lodda som dei skal fiska i Barentshavet i vekene framover. Jobben er truleg ferdig fredag.

Ristene er spesiallaga etter mål som vart teke då båten låg der i haust. No er ristene ferdig produserte og blir sett på plass i tankane.

Dette er planlagt arbeid som dei tek mellom fiskeria i vinter. Ristene gjev betre sirkulasjon og og betre lensing av fisken som skal leverast frå ein båt som ikkje har fiska lodde før. Men med dei investeringar som gjerast vil kvaliteten på fisken bli svært god og den blir nesten uten unnatak nytta til menneskjemat.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen